

## **Vedtekter for Myrkdalen Grendalag.**

- 1: Laget sitt namn skal vera Myrkdalen Grendalag.
- 2: Laget skal jobba for trivsel og aktivitet i Myrkdalen. Alle som bur i dalen kan vera medlemmer. Laget er uavhengig og står ikkje tilslutta nokon overordna organisasjon.
- 3: Midlane som tidlegare høyrde til Samstyret, skal overførast til laget. Laget skal elles søkja om tilskot der det kan vera noko å henta. Det skal ikkje betalast medlemskontingent i laget no, men dette kan verta aktuelt seinare.
- 4: Styret skal vera på 5 personar valde på årsmøte kvart år i mars. Leiar er på val kvart år, dei andre styremedlemene vert valde for to år.
- 5: Årsmøtet skal handsama årsmelding – rekneskap – val av styre – innkomne saker. Det skal veljast valnemnd på to personar, valperiode på 2 år, der ein person er på val kvart år. Styremedlemer som er på val, skal innan to veker før årsmøtet gje melding til valnemnda om dei tek attval eller ikkje.
- 6: Laget må registrerast i einingsregisteret, dvs omregistrering av samstyret, elles får ein ikkje oppretta bankkonto.